



Bente Kopperdal Hervik

Referansar:

Dykkar:

Vår: 23/2301 - 23/27555

Sakshandsamar:

Svein Arne Vågane

svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:

12.04.2023

Søknad om bygging av landbruksveg på gbnr. 49/2 Fjellsbø Søndre i Alver. Kommunen ber om fråsegn i saka.

Vedlagt ligg søknad om bygging av landbruksveg for gnr. 49, bnr. 2 Fjellsbø Søndre i Alver kommune.

Karsten Raa, som eig gnr. 49, bnr. 2, søker om å få byggje veg «Atkomstveg til Fjellsbøvegen 139 m.fl.» på sin eigedom. Vegen er oppgjeve til om lag 400m. Den vil sikre god tilkomst til tunet og nytt bustadhus på bnr. 2. Vegen skal byggjast i vegklasse 2 – heilårs landbruksbilveg.

Den opphavlege bygningen i tunet er registrert som fornminne – «samanbygd anlegg våningshus». Vegtrasèen vil gå nedanfor denne før den svingar seg opp i bakkant av bygningen der ny, planlagt bustad skal førast opp.

Ved ein inkurie har søknaden vorte lege hjå kommunen ei stund, noko vi seier oss lei for.

På bakgrunn av dette torer vi be om ein kort frist for attendemelding. Vi ber såleis om dykkar uttale innan 28.04.2023.

Med venleg helsing

Alver kommune, Landbruk

Svein Arne Vågane

Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om bygging av landbruksveg - gbnr 49/2 Fjellsbø

Søknad om bygging av landbruksveg - gbnr 49/2 Fjellsbø

Underskrift

Vedlegg:

Tinglyst Veirett og avkjørselsrett - side 2
Vedlegg til søknad om landbruksvei
Situasjonsplan
Tegning Nytt Snitt - Stigning veg

Mottakrarar:

Bente Kopperdal Hervik
Statsforvaltaren I Vestland
Vestland Fylkeskommune

Njøsavegen 2
Postboks 7900

6863 Leikanger
5020 Bergen